

# FUSA KYRKJEBLAD

Nr. I

Påske 2025


Årgang 91 år



Ranita Aarvik og dei  
livsviktige mikro-  
organismane  
side 4-7



Bjarte Leithaug  
på bedehuset i  
Eikelandsosen 15. mai  
side 11



Påska i Fusa sokn

side 8-9



Baker Hansen i  
Hålandsdalen kyrkje  
4. april  
side 11



Open dag i Holdhus  
kyrkje 5. april  
side 17

## FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen  
Tlf. 56 58 01 81  
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid  
Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

**Sokneprest**  
Anette-Emilie Gangstø 45 28 02 78

**Assisterande kyrkjeleverje**  
Hans Einar Markhus 95 93 65 80

**Trusopplæring**  
Gry Jeanette Mjelde 93 49 62 26  
Hildegunn Myrlid Eide 97 65 01 55

**Konsulent**  
Ingebjørg Sundfjord Gjøn 97 71 17 23

**Kantor**  
Iman de Zwarte 95 03 93 33

**Soknerådsleiar**  
Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93  
**Fusa frivilligentral** 56 58 01 14

**Kyrkjeterarar**  
**FUSA KYRKJE**  
Rianne de Zwarte 46 68 03 96

**STRANDVIK KYRKJE**  
Rianne de Zwarte 46 68 03 96

**HÅLANDSDAL KYRKJE**  
Terje Rød 48 25 56 46

**SUNDVOR KYRKJE**  
Øyvind Nordbø 48 30 52 59

**SÆVAREID KAPELL**  
Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436

**FUSA KYRKJEBLADE**  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvareleg utgjevar:  
Fusa sokneråd

**Konto for kyrkjebladet:**  
3530 25 86215  
VIPPS #90436 legg til kategori:  
Fusa kyrkjeblad

**Bladpengar er kr. 250,- pr. år**  
**Utanbygds kr. 350,- pr. år**

**Framsida:**  
Hane og høne i Aarvik gard.  
Foto: Toril Hjartåker Hauge.

**REDAKSJONEN:**  
Hans Einar Markhus hm629@kyrkja.no  
Toril Hjartåker Hauge th298@kyrkja.no

# «Jeg velger meg april»

Når en nærmer seg merkedager og runder et halv århundre i april måneden, så faller det seg naturlig å stoppe opp litt og reflektere. Ikke minst etter at jeg og min mann ble overrasket av Guds store lille under, et nyfødt barn – et mirakel i min alder. Jeg undres:

Hva gir oss mening og verdi i livet? Hva er viktig for framtiden vår, som familier, som bygd, som det store felleskapet vi er? Skal vi fortsette på individualistens vei – der vi ubevisst blir mer eller mindre preget av samfunnets tankesett «whats in it for me?». Kan vi samles om vårt felles beste i stedet for?

For hva er viktig for barna våre? Hvordan istrandlerer vi dem for denne verden – så de kan leve gode liv? Vel og merke ikke lykkelige liv. For ordet lykke er overbelastet. Det brukes ofte om mennesker uten smerte og lidelse, at alt går bra, men det er langt borte fra sannheten om våre liv.

Det er en ting jeg forsonet meg for lenge siden. Det er at et godt liv innehar både smerte og glede, vi lykkes og vi mislykkes, vi gråter og ler om hverandre. Alt har sin tid skrev Kong Salomo så klokt på sine eldre dager.

Midt i våre kontrastfyldte liv står Gud med en åpen favn og vil favne oss. I vår tro og tillit til han. I vår tvil og vantro. Han er der for oss og med oss. Han er Immanuel, Gud med oss.

Hjemme på gården står tønnesstampene, i skrivende stund, med skudd av påskeliljer og tulipaner omkranset av frost. Mang en gang i livet syns jeg at troen vår oppleves



akkurat slik. Den vokser litt, vi tørr å tro at det finns en vei til Gud, Jesus er håpet vårt – vi våger å tro på Jesus, at Gud er glad i oss. Men så er det ting i livet som fryser oss litt fast, og vi lurer på om Gud er borte eller at troen er borte. Men kanskje står den heller der i møte med vårens kraft. Omkranset av frost mens den prøver å vokse og gror der nede i hjertet vårt.

Bjørnstjerne Bjørnson sin penn beskriver livets skiftende tider godt:

*Jeg velger med april.*

*Jeg velger med april!*  
*I den det gamle faller,*  
*i den det ny får feste,*  
*det volder litt rabalder,-*  
*dog fred er ei det beste,*  
*men at man noe vil.*

*Jeg velger meg april,*  
*fordi den stormer, feier,*  
*fordi den smiler, smelter,*  
*fordi den evner eier,*  
*fordi den krefter velter,-*  
*i den blir somren til.*

Livet går sin gang slik som årstidene, og hver vår ser vi livskraften bryte gjennom rundt oss. Hver vår feirer vi påsken, Jesu oppstandelse fra de døde, Det store lyset som vant over døden og synden. Snakk om livskraft!

Kan hende våre trosliv nå står i april sin kraft. Spiren skal bryte fram i varmen fra sola. Den barnetro vi har, skal varmes av Guds store kjærlighet til oss gjennom Jesus og ved sin Hellige ånd. Ikke i vår egen kraft, men i Guds tid ved sin ånd. La Hans gode ord varme troen din.

**«For jeg vet hvilke tanker jeg har om dere, sier Herren. Det er freds-tanker og ikke tanker til ulykke. Jeg vil gi dere framtid og håp»**  
Jeremia 29,11



**Sokneprest**  
**Anette-Emilie**  
**Gangstø**

# Takk for gåva!

Fusa sokn har god tradisjon med innsamling av midlar til gode prosjekt, både til vårt eige arbeid i Fusa og til viktig arbeid ute i verda. 2024 var ikkje eit unntak, med nesten 1,3 millionar kroner i innsamlingsmidlar/gåver. Mykje av dette beløpet, om lag 400 000,- er knytt til "Walk&Run 2024", innsamlinga til prosjekt brannskadde barn. Til dette prosjektet kom det òg nesten 100 000,- frå Bruktbuo samt nokre andre mindre gåver i løpet av året.

Prosjekta Open Hall, Ferieklubben og Matgåve til jul som frivillig-sentralen vår står i bresjen for, har fått god støtte gjennom gåver frå Sparebanken Vest, Fusa Kraftlag, Sanitetsforeiningane i bygdene våre, Lions og næringslivet elles.

Tiltaka kunne ikkje vorte gjennomførte utan desse gåvene.

Kyrkjelyden har gjeve nær 290 000,- kr. gjennom kollektar på gudstenestene, fordelt på eigne Fusa-føremål og eksterne organisasjonar. Forutan den gode inntekta salet av Fusa-kalenderen gjev til barne-og ungdomsarbeidet vårt, har kyrkjelyden òg bidrige med 140 000,- kr. i andre gåver til dette føremålet. Mellom anna gav komiteen for Fusa ungdomsskule-jubileum for avgangsklassane 1968-1971 overskottet på kr. 5600,- til dette føremålet!

Uansett er det dei mange jamne og tilfeldige gåvene som kvar einskild gjev gjennom året som til slutt skapar dette resultatet. Eit resultat




Foto: Signe Vreim

som gjer at me kan halda fram med å skapa gode tiltak for små og store i Fusa-bygdene og som gjer at me kan bidra til at menneske ute i verda får ein betre kvardag. Slik kan me spre Guds godleik og vera Jesu hender og føter for kvarandre.

Takk til alle gjevarar!

## Open kyrkje

I april vert det ikkje "Open kyrkje" i Strandvik på vanleg måte sidan dette vert i same veka som Langfredagsgudstenesta. I resten av vårsesongen vert det "Open kyrkje" på tysdagane 20. mai og 17. juni.



# ALT PÅ ETT STED

Vi hos Kai Hansen setter stor pris på muligheten til å bidra til produksjonen av Fusa kyrkjeblad. Med vår lange erfaring og lidenskap for trykksaker ser vi frem til å levere en profesjonell og effektiv prosess fra design til trykking og distribusjon. Vårt mål er å bidra til å opprettholde og videreføre magasinets høye kvalitet, og vi gleder oss til et tett og godt samarbeid.



[kai-hansen.no](http://kai-hansen.no) [post@kai-hansen.no](mailto:post@kai-hansen.no)



Ranita Styve Aarvik om menneskets plass i naturen:

## - Eg vil ikkje ta meir frå jorda enn det eg kan gje tilbake

Naturen har sin eigen gang. Vinteren er kviletid. Det nektar me menneske å vera med på og steller i stand årets største fest midt i den mørkaste tida. Men etter jula må det då endeleg vera tid for leggja seg nedpå? Sjølv dei mest energiske veit nok at det er klokt, men greier dei det? Me tok turen til Baldersheim for å undersøka.

TEKST: TORIL HJARTÅKER HAUGE

I den bygda, heilt nede på Aarvik gard, bur nemleg Ranita Aarvik, ei kraftkjelde av dei sjeldne. I løpet av dei siste fem åra har ho og familien bygd opp verkesmeda Fru Aarviks vesle bakeri og kjøkenhage.

### Bakeri som binæring

Det starta i kjellarstova i bustadhuset deira i Kleppslia på Baldersheim. Hausten 2023 overtok dei ektemann Sveinung sin slektsgard Aarvik, flytta ned dit og gjorde den gamle floren om til bakeri og kafé. Også dei andre husa på garden tener til kafé, møtelokale, overnatting og gardsutsal.

Dette vesle næringslivsvidunderet er godt kjent langt ut over Vestlandet, og eg trudde at bakeriet var Ranita sitt hovudvirke, så ho forbausar meg når ho fortel at – Nei, bakeriet er berre ei binæring. Det er gardsdrifta som er hovudnæringa, i hovudsak geiter, høner og grønsaker.

– Ja, det høyrest tullete ut, seier ho, men slik er det altså blitt her i landet. Det å dyrka jorda er så lite verdsett at dei aller fleste må ha ein jobb ved sida av.

Bønder får svært lite betalt for å produsera mat, men det finst ein



Eitt av Ranitas lykkelege stunder i Aarvik. Foto: Vigdis Øvreeide

Aarvik gard frå oven.  
Foto: Viktorija Valionyte



Ranita og geitene på stølen. Foto Vigdis Øvreeide

eig jorda. Me tar vare på ho til menneske som kjem etter oss. Me lånar jorda av etterkomarane våre, og ynskjer å etterlata garden i endå betre stand enn han var i då me starta å驱va han. Vårt vesle paradis her i Aarvik er ikkje vårt, me passar berre på det ein liten del av garden lange, ja, endelause levetid. Staden er altfor verdifull til berre å bu på, den må dyrkast, seier Ranita.

Og for at jorda der skal kunna fø også framtidige grenrasjonar, må ho takast godt vare på, ikkje utarmast. Bruken må vera berekraftig.

– Eg vil ikkje brukta meir enn eg kan gje tilbake til jorda. Det skal gå i balanse.

– Det er mange år sidan eg begynte å dyrka mat, først i pallekarmar, sidan rett i jorda. Ranita minnest fryden då ho med eigne auge såg at éi lita potet kunne bli til 10.

– Då vart eg biten av basillen, og det å dyrka økologisk, altså utan å utarma jorda, er ikkje komplisert når ein først har skjøna nokre grunnleggjande prinsipp: Unngå jord frå hagesenter for det er eigentleg berre torv som er daud og utan ekte næring for plantene. Bruk jord som enno inneheld naturens mikroorganismar. Mat jorda med

slikt som grasklipp, tang og tare, kompost, og byt plantetype år om anna.

### Krøll på halen og andre gleder i naturen

– Det mest berekraftige me produserer her på garden er kjøtet frå geitene og kjea som går rundt og beiter. Også grisane og hønene går fritt og kosar seg med å grava og sparka i jorda. Grisane våre er for små til at halane kan krølla seg, men hadde dei vore større, ville dei hatt ein snurr der som teikn på trivsel. Det er når grisane går inne på få kvadratmeter heile året at halen blir rett som ein strek.

Her gjer me eit lite avbrekk i teksten, for dette med krøll på halen måtte intervjuaren faktasjekka i etterkant, og på nettsida for NOAH [dysrettigheter.no](http://dysrettigheter.no) les eg at halen til inne-grisar ikkje berre er kort og bein, men også ofte blodig fordi grisane i rein frustrasjon bit i halane til kvarandre.

Ranita fortel vidare at også smaks- og næringskvaliteten på kjøtet tapar seg når dyret har levd eit inneklemt liv.

– Stresshormona set seg i kjøtet og kan påverka til og med den som et det. Om eg ein sjeldan gong et

omveg for å kunna驱va med det likevel. Den omvegen er dei ulike tilskotsordningane som ein kan søkja for å驱va næring for å få råd til å produsera mat. For å kunna驱va garden i Aarvik slik han er no, var støtta frå Innovasjon Norge livsviktig, men det er altså ikkje garden som får støtte, det er det attåtnæringa som får: Bakeriet og gardsbutikken.

Bakeriet er godkjent frå Debio som økologisk, eit stempel ein ikkje får permanent, men må jobba jamt for. Kvart år må dei gjennom ein revisjon som skal sjå til at råvarene oppfyller krava.

### Me eig ikkje jorda

Då Ranita og Sveinung overtok garden Aarvik, gjorde dei det med det evige for auge:

– Me opplever det ikkje slik at me

grisekjøt som ikkje er økologisk eller frilandsgris, får eg kløe og hovnar opp. Eg er overtydd om me blir det me et, eller det som dyra et.

Familien Aarvik gjekk over til stort sett berre økologisk mat for om lag sju år sidan.

– Sveinung abonnerte på magasinet Ren mat. Det sette meg på sporet. Ein viktig inspirasjon var også venner som dreiv økologisk landbruk, særleg Veronica og Dag på Lygre livsgard. Etter dette skiftet i kosten har eg sjeldan vore sjuk.

Det einaste økologisk mat ikkje synest å vera henne imot, er stresset i binæringa hennar.

– Det er éin gong i året eg enno plar bli liggjande nede. Det er veka etter påske. Då er eg heilt utsliten etter lite sovn og stort trøkk i bakeriet, seier Ranita og ler så det synest som ho meiner alle kundebesøka var verdt det.

– I år slo det kavet ut i romjula, slik at eg vart sjuk like før nyttår, men utanom desse slaga har eg ikkje vore sengeliggjande på fleire år.

– Det eg synest er underleg, er at det å velja økologisk mat blir sett på som unormalt og rart, men det er jo den måten å leva på som er mest naturleg, det var slik menneska levde før industrialiseringa. Å gå over til ein økologisk livsstil krev ein god del planlegging i starten, men deretter går det mykje av seg sjølv.

Og gevinsten er stor, meiner ho, langt ut over den fysiske helsa.- Når du blir medviten om at du blir det du et, trur eg også du blir medviten på mange andre område og samanhengar i livet.

## Det starta med fisking i Sævareid sentrum

Læra om livet har vore kjær for Ranita så langt tilbake som ho minnast. Mang ein gong har ho

vore på nippet til å gå fulltids inn i faget, ta ein bachelor eller master i biologi, og det ho førebels har gjort alvor av, er også del av naturen, nemleg fagbrev i akvakultur og mange års erfaring som kvalitetskoordinator i stamfisk. At fisk var den delen av naturen som fekk kjenna Ranitas iver, har med morfaren hennar i Sævareid å gjera, han Arne Johan Styve frå Evanger.

– Han eigde mange garn og teiner og likte godt å fiska. Alltid når eg var heime i Sævareid, ville eg vera med besten ned i Torsteinsvíka og fiska. Ja, eg kalla Sævareid for «heime», endå eg budde med mamma og tre søskjen i ein liten leilighet i Fyllingsdalen. Av og til fekk eg gå ned til Sævareid sentrum og fiska på eiga hand. Dei heiv på meg ein redningsvest, og der stod eg med stanga mi. Mormor fortel at dei andre fiskarane drog støvlar og anna rask opp på kaien, men eg fekk fisk! Ranita ler.

– Eg hugsar ikkje det med støvlane sjølv, så kan henda er dette berre ei stolt bestemor si skrytehistorie.

Dei som vil faktasjekka denne opplysninga, kan spørja mormora direkte, ho Lorentze Styve.

## Tar me meir enn me gjev?

Å hausta frå havet på denne enkle, frydefulle måten var ein av Ranitas tidlege opplevingar av å leva av og i naturen.

– Det er lett å gløyma at me er ein del av den store syklusen. Eg plar sei til ungane at sjølv når eg

dør og sjela skal vandra vidare til himmelriket, blir det som ligg igjen av meg i jorda, enten heile kroppen eller oska, til jord att. Me er ein del av livssirkelen. Me et mat, og me blir sjølve tatt opp att av jordas organismar som igjen blir mat for andre levande vesen.

– Denne syklusen verkar det som om mennesket vil lausriva seg ifrå. Monokulturar, pløyning, kunstgjødsel og plantevernmiddel fører til overproduksjon og rovdrift av naturen. Me kastar store mengder mat, og sløsar med verdifulle ressursar. Folk gløymer kva som eigentleg er i jorda. For mange er jord no berre eit middel for å få planter til å veksa, men jorda er meir enn det. Planter lever saman med mikroorganismar og krypdyr i jorda. Det handlar om sameksistens. Plantane gjev blant anna sukker til jordbakteriar som samlar seg og som gjer plantane livskraftige og robuste mot sjukdom. Kunstgjødsel blir overflødig; plantane får det dei treng av sollyset og av jordas rikhaldige liv.

– Eg trur ikkje Gud meinte at mennesket skulle leggja under seg jorda for å utnytta ho til det ikkje er noko igjen. Mennesket er sett til å forvalta jorda og alle andre artar, og med det følgjer eit stort ansvar. Det ansvaret føler eg ikkje at me har bore på ein god måte. Gud er allmektig, men han har gjeve oss fridomen til å tenkja sjølv, og viss me held fram med tenkja kortsiktig og tyna jorda i same grad som no, får me til sist ikkje plass til å dyrka noko lengre. Jorda forsvinn. I USA har intensiv

**Økologisk mat** er mat som er produsert etter regelverket for økologisk produksjon. Det betyr blant annet at det bare er spesifikke tilsetningsstoffer som kan brukes, det er ikke tillatt med kunstige smaksstoffer og fargestoffer, og heller ikke med genmodifiserte produkter. Råvarene må være produsert i henhold til reglene for økologisk landbruk, som blant annet bestemmer hvilke typer gjødsel og plantevernmidler som kan brukes. (Kjelde: Store norske leksikon, snl.no)



Gardens grønsaker er ikkje berre til familiens bruk. Også gjestene som ferierer i Aarvik får hausta med dei lystar. Foto: Vigdis Øvreeide

drift ført til store ørkenlandskap og me er på god veg her i Norge også. Dei som må betala for det, er generasjonane etter oss.

### Realist - dessverre

Ranita blir alvorleg, nesten dyster når ho snakkar om sporet jorda er inne på no, og eg lurer på om ho har noko håp om at utviklinga skal snu.  
– Eg er dessverre realist, seier ho då med eit sukk.

– Eg ser ei endring, men trur ikkje den er stor nok. Me menneske er blitt så godt van med å ha det komfortabelt. Eitkvart ubehag vil me ha vekk så snart som råd, svolt til dømes. Tar me oss tid til å verta skikkeleg svolten lenger? Om me venter med å eta til dess svolten verkeleg riv i oss, treng me ikkje alle dei kunstige smaks- og fargetilsetningane som den ferdigproduserte maten i butikkane ofte inneheld. Då smakar det vedunderleg med ein porsjon frisk grønkål, ikkje tilsett anna enn ein dråpe olivenolje og havsalt. Svolt er den aller beste smaksforsterkaren.

Ranita opplever at menneske i vår tid ikkje tar seg tilstrekkeleg tid til å sakna noko, heller ikkje tid til å kopla oss skikkeleg på naturen ved å hausta av han, sanka og plukka bær. Mennesket skyr smerte, naturleg nok, men tronen til umiddelbar komfort kan øydeleggja for det langsigchte velværet.

– Det er naivt å tru at me kan leva i fryd og gaman i mange generasjonar framover. Sjølvforsyningsgraden i Noreg er skremmande låg, berre om lag 40 prosent. Kva gjer me om grensene blir stengt? Ikkje eingong her på Baldersheim vil me ha tilstrekkeleg mat til å fø bygdas innbyggjarar. Kanskje treng me ei skikkeleg krise for at folk skal skjøna at me må ta betre vare på jorda?

Det er nå alt går sin vante gang, at det er lett å oversjå farane. Ranita på si side er i høgste grad uroa for jordas framtid, og ho tenkjer ikkje å gje opp kampen for biologisk mangfold og berekraftig matproduksjon.

– Det eg gjer, er kanskje ein dråpe i havet, men så lenge eg lever, vil eg gjera min del. Og ho er ikkje åleine. I januar i år reiste ho til Voss for å delta på ei stor samling i regi av *Meining - Mat - Mot*, ei folkerørsle som vil spreia kunnskap om og skapa engasjement rundt mattryleik, beredskap og levande lokalsamfunn.

Etter alt dette alvoret er det naudsynt å få med at det å ta vare på naturen er ikkje berre noko Ranita gjer for å redda verda; det er ei glede i seg sjølv, ei personleg lykke kvar dag.

– Det som er verdifullt for meg når eg arbeider som eg gjer, er å kunna gå ut i skogen og berre setja meg ned utan nokon ting rundt meg. Kjenna solstrålane som varmar




Grisefamilien består av far Snille, mor Snolle og dei tre små døttrene Snipp, Snapp og Snute. Foto: Toril Hjartåker Hauge

huda, kjenna bris mot ansiktet, sjå stråa, følgja med på insekta nede på bakken, korleis dei rører seg. Slike stille augneblinkar er magiske; dei gjev meg meir enn noko anna, meir enn noko lang og innhaldsrik reise kan gje meg. Den sjølefreda eg finn der i skogen er rett og slett dyrebar – og samtidig kostar ho ingenting.

Eg går opp att dei par hundre metrane frå Aarvik gard til fylkesveg 549 og har fått svar på det eg lurte på: Også dei mest energiske blant oss, kan greia å kopla seg på naturens gang og finna ro utopta ettermiddagen, og eg trur ikkje ein må ha like stor intellektuell og fagleg ballast som Ranita heller. Prøv å setja deg ned på nærmeste stein eller tue ein morgen no i vår utan andre mål enn å sjå etter om det enno finst nokre av verdas tallause insektartar der, nett rundt deg.

# Vi feirar påske i Fusa



Ikon frå Annunciation Cathedral i Moskva. Anonym russisk ikonmalar, 1400-talet. Lisens: Offentleg eige. Kjelde: [www.icon-art.info](http://www.icon-art.info)



Ikon av anonym målar frå 1497. Lisens: Offentleg eige. Kjelde: [www.sedmitza.ru](http://www.sedmitza.ru) og commons.wikimedia.org

Langfredag

## Palmesøndag, 13. april

Jesus var ofte i Jerusalem for å feira påske. Men denne påska skulle bli annleis, og det visste han. Då Jesus og følgjet hans kom til byen, bad han disiplane finna eit esel til seg. Han sette seg oppå det og rei inn i Jerusalem. Folket hylla han som ein konge: «Hosianna, kongen vår er komen!» Dei la kapper og palme-greiner på vegn framfor han. Denne dagen er blitt heitande palmesøndag, og me feirar han i lag i familie-gudsteneste i **Sundvor kyrkje, 13. april kl. 11.00**.

## Skjærtorsdag, 17. april

Lærersteinane og Jesus samla seg for å eta påske-måltidet. Det var og er skikken for jødane. Ved inngangen til måltidet vaska dei føtene, noko som var nødvendig sidan dei brukte opne sandalar i ørkenstøv og skit, og låg ved bordet når dei skulle eta. Vanlegvis var det tenrarar som sette seg ned på golvet og gjorde jobben, men denne dagen ville Jesus vaska alle 24 lærersteinføtene. Slik viste han korleis han vil at me skal tena kvarandre. Litt uti måltidet braut Jesus brødet og

delte vinen. Han bad oss å gjera det same, til minne om han. Disiplane tok imot det han gav dei ved bordet, men då dei gjekk ut i Getsemanehagen, og han bad dei vaka medan han gjekk for å be, sovna dei, og Jesus vart åleine i dødsangsten sin. Me minnest denne kvelden med nattverdsgudsteneste i Sævareid kapell kl.19.00. Det er også nattverdssamling på **Fusa bu- og behandlingsenter kl. 11.00 denne dagen**.


## Langfredag, 18. april

Langfredag er Jesu krossfestings- og lidingsdag. Vi samlast såleis til ei stillferdig gudsteneste, då me minnest kva Jesus var viljug til å gå gjennom for vår skuld. Dette er likevel ikkje berre ein sorgjedag. Den engelske nemninga for langfredagen, "Good friday" – den gode fredagen – minner oss om at dette også er takksemda sin dag.

Under Langfredagsgudstenesta vert det kvart år lese lidingssoga frå eit av dei fire evangelia. I år er det lidingssoga etter evangelisten Lukas sin tur. Ved



Ikon frå Kreta, 1300-talet. Lisens: Offentleg eige.  
Kjelde: picryl.com og www.uncutmountainsupply.com



Ikon frå Russland, 1500-talet. Lisens: Offentleg eige.  
Kjelde: commons.wikimedia.org

denne teksten har komponisten Wim Kamp komponert orgelmusikk som fylgjer teksten nøy. Etter kvart avsnitt som vert lesen, får ein høyra same avsnittet i musikk.

Komponisten har lukkast i å formidle tekstane i eit forsiktig moderne, men likevel lettflateleg tonespråk. Musikken er til tider veldig gripande, ikkje minst fordi kjente liturgiske melodiar og salmemelodiar tittar fram på visse punkt og gjer den dramatiske evangelieteksten meir nærverande. Innimellom vert det òg plass til salmesong av kjente pasjonssalmar. Sokneprest Anette-Emilie Gangstø les tekstane medan kantor Iman de Zwart sit ved orgelet. Langfredagsgudstenesta vert i år i **Strandvik kyrkje**  
**18. april kl. 11:00.**

### Påkenatt, 19. april

Trass i vakthaldet og den store steinen framfor Jesu grav, hende det som Gud hadde planlagt: «Dette er natta då Kristus braut dødens lekkjer, og sigrande stod

opp frå dødsriket». Altertavlå i Hålandsdal kyrkje lyser mot oss, med ein sigrande Jesus som har overvunne døden. Me feirar overgangen frå døden til livet i ei gudsteneste med a-capella song og stearinlys, skriftlesing og andakt. **Hålandsdal kyrkje, påskeaftan 20. april kl. 23:00**

### Påskedag, 20. april

Og sjå; steinen var rulla vekk og grava var tom. Jesus er stått opp, ja han er sanneleg stått opp! Det er fest i kyrkja når me feirar at Jesus har vunne over døden og lever mellom oss no. Påskedag og det som skjedde då, er opphavet til kristen tru og gudstenestefeiring. Vi feirar med festgudsteneste i **Fusa kyrkje, påskedag kl. 11:00.**

### 2. påskedag, 21. april

Etter Jesu oppstode viste han seg for læresveinane og fleire andre. Det vil han gjera for menneska i dag òg. Gud er synleg på forskjellige måtar, også i naturen. Denne dagen feirar me med friluftsgudstenste ved **Hafskorvatnet kl. 12:00.**

# Konfirmantar i Fusa sokn 2025

## Sundvor kyrkje laurdag 3. mai

Lisa Anu-An Malkenes  
Live Styve Aarvik  
Torstein Nordtveit Hjertnes



## Hålandsdal kyrkje søndag 4. mai

Andrea Haga Gjøen  
Kari Elen Rød Lamp  
Leander Hindal Gjerstad Isaksen  
Marthe Fredriksen-Nordtveit  
Patrik Midtrød  
Ronja Bjaanes  
Annikken Hjelm Hatletveit  
Helene Lundervik  
Marie Lundervik  
Hellek Lønheim Tveitnes  
Jonas Valestrand  
Nicolai Åsvang Rød



## Fusa kyrkje laurdag 10. mai

Dag Almås Solberg  
Filip Almås Solberg  
Dennis Araz Saldamli  
Emil Strand Kalsås  
Malin Tveit Olsen  
Mira Solberg  
Richard Kristiansen  
Andreas Øvreeide Frydenlund  
Anette Espeland  
David Prestegard Skåtun  
Marius Rolland Vik  
Mathea Eikeland  
Nora Hjelmeland-Hjelmervik  
Sander Gjerdevik  
Hanna Longakit Vågen



## Strandvik kyrkje søndag 11. mai

Gustav Manuel Da Rosa Holmefjord  
Hilde Dalland  
Julia Angelsgår  
Julian Lønøy Johansen  
Sol Atalie Romundset  
Stine Lill Bjørndal Milde

Foto: Signe Vreim

# Velkommen til KorTorsdag

Med Bjarte Leithaug og Fjord'n  
barnekor torsdag **15. mai kl. 16-19**

- for heile familien
- minglemiddag
- korseminar for heile familien
- konsert kl. 18-19



Komande datoer:  
**4. april, 30. mai og 13. juni**



Baker  
Hansen

"Chet Baker på norsk" til Hålandsdal kyrkje

**Fredag 4. april kl. 19.00** vert det ny jazz-konsert i Hålandsdal kyrkje, og denne gongen får vi besøk av kvintetten "Baker Hansen". Dette er eit band med profesjonelle musikarar frå heile Noreg som omset songar av den legendariske jazz-musikaren Chet Baker til Ål-dialekt. Vår eigen fungerande

kyrkjeverje i Bjørnafjorden, Sigurd Rotvik Tunestveit, er både omsetjar, vokalist og frontfigur i Baker Hansen. Deira nyste utgjeving med tittelen "Ein song som liknar oss" har òg ei gjendiktning signert Sylfest Lomheim. Søk dei opp på nettet og lytt til eit av dei fire albuma dei har gjeve ut, eller sjekk ut nettsida [www.chetpaanorsk.no](http://www.chetpaanorsk.no). Ikkje minst: Sett av denne fredagskvelden og få med deg akustisk og stemningsfull jazz på norsk i Hålandsdal kyrkje!

**Hålandsdal kyrkje fredag 4. april, kl. 19.00**

Billettpris: kr 350,- Billettsal i døra eller på førehand hos Olaug Børndal, tlf. 482 61 757. Ring eller send SMS, og betal med Vipps.

Konserten er sponsa av:



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



Hjertnes 30 - 5646 Nordtveitgrend  
Tlf.: 96 92 46 50  
post@lhjertnes.no  
[www.lhjertnes.no](http://www.lhjertnes.no)



P. H. Haugen  
Landhandel - Sævareid  
**tlf. 56583110**  
e-post:  
[narbutikken.severeid@narbutikken.no](mailto:narbutikken.severeid@narbutikken.no)

**Fusa Ferdigbetong as**  
5640 Eikelandsosen



Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**

Mobil 913 65 482 / 951 87 421  
E-post: [post@fusabetong.no](mailto:post@fusabetong.no)

**ah** MALERMESTER  
ALF HJELLE & SØNN AS

Utfører alt i maler- og golvbeleggbarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE  
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880

E-post: [firmapost@alfhjelle.no](mailto:firmapost@alfhjelle.no)

**SPAR**

**Fusa**

Man-fre **07-21**

Lørdag **09-20**

**Tlf. 56582133**  
[spar.fusa@spar.no](mailto:spar.fusa@spar.no)

**Velkommen til hyggelig  
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

TLF 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766  
**BERGE ELEKTRONIKK**

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**

**Eide**

**STRANDVIK**  
Transport og Maskin AS  
# 5643 STRANDVIK strandvik.no dulten@online.no  
• 56 58 21 11 • 918 44 000 • 900 12 126 • 918 18 592

Trykksaker, profilering,  
firmagaver, skilt,  
messer og mye mer.

**kai-hansen.no**

**KAI HANSEN**

**FUSA AUTO A/S**  
**BILVERKSTAD**



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa

Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



[www.fusaauto.no](http://www.fusaauto.no)

**MECA**

**BYGGADMINISTRASJON  
Harald Bjørndal a.s.**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30

Tlf. privat: 56 58 51 19

Telefax: 56 58 11 99

Mobil: 970 63 526

E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN

# BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeikelandsosen@bunnpris.no



Eikelandsosen

Opningstid 8-21

Laurdag 9-20

**Tlf. 56 58 00 90**

*Fusa og Samnanger*

GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON  
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO  
BESTILL BLØMSTER FRA KJØTT TIL VÅRE SEREMONIER  
VIA MINNESIDEN, PÅ HELDESBLØMSTER.NO  
ELLER VIA TELEFON 55 10 72 05

**Malerfirma**  
**Kenneth Samnøen**  
5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering



**Tlf. 90 80 15 38**



## Tombre

[www.tembre.no](http://www.tembre.no)

**REISENE BESTILLER  
VI HOS:**

## TRAVELNET

### OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: **56 30 43 00**

e-post: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no)

[www.verden.no](http://www.verden.no)

Følg oss på Facebook



## Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR  
FRÅ BJØRNAFJORDEN



Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. **91 99 30 40**

[post@tonnegarden.no](mailto:post@tonnegarden.no) - [www.tonnegarden.no](http://www.tonnegarden.no)

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historieformidling på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale

Følg oss på facebook og instagram.



## Hordaland A/S Rørteknikk



56 58 09 90

[post@hrt.as](mailto:post@hrt.as)

[hordalandrorteknikk.no](http://hordalandrorteknikk.no)

Holsundvegen 285  
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk leverandør.

Godkjent lærebodrift i rørleggerfaget.

Besøk vår heimeside  
[www.fusa-kraftlag.no](http://www.fusa-kraftlag.no)

Din lokale kraftleverandør

## Stroyma

Fusa kraftlag

**5640 EIKELANDSOSEN**

**Tlf. 56 58 00 20**



## HERBALIFE ERNÆRING

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:  
 - vektkontroll  
 - vitalitet og overskudd  
 - kosttilskudd for trening og idrett  
 - hud- og kropsspleie  
 - inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!  
Spør etter gratis prøvepakke,  
uten forpliktelser.

Ring: 458 15 890

Kjell Arne Gangstø

E-post: [famgang@fusi.no](mailto:famgang@fusi.no)

## DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

**Mobil: 915 87 002**

E-post: [deror@online.no](mailto:deror@online.no)



Sentralgodkjent rørleggerfirma



# Barnas



## Prikk til prikk



## Vitsar

Eit eple spurde ein appelsin:  
– Kvifor er det så mørkt her?  
– Fordi pæra har gått.

Har du høyrt om høna som hadde fått feber?  
Ho la berre kokte egg.

## Finn fem feil

Her snakkar Jesus med ein liten familie.

Dei to biletene er nesten helt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Chiara Bertelli



# Velkommen til open dag ved historiske Holdhus kyrkje!

Som feiring av det omfattande vedlikehaldsarbeidet som Holdhus kyrkje har vore gjennom dei siste par åra, har Fortidsminneforeininga gleda av å invitera til open dag ved Holdhus kyrkje laurdag 5. april kl. 14-16.

Den særegne tømmerkyrkja var soknekyrkje i Hålandsdalen frå mellomalderen til 1890 og gir eit rikt innblikk i religiøse praksisar, liv og levemåte i bygdene omkring. I Holdhus kyrkje kan du gå opp på prekestolen frå 1570, ein av dei eldste som framleis er i bruk i Noreg, lese katekismetavla frå 1590 og studere madonnaskulpturen i sandstein frå 1400-talet.

Adresse: Hammarlandsvegen 31, 5640 Eikelandsosen.  
Opningstid: kl. 14-16, laurdag 5. april.  
Gratis inngang denne dagen!

Foto: Mathias Michael Zeh og Fortidsminneforeininga

## Program:

- Kl. 14:00 Musikk ved omvisar Terje Raunsgard og velkomst  
Kl. 14:15 Ida Pettersen, dagleg leiari i Fortidsminneforeininga Hordaland avdeling, fortel om istrandsetting av kyrkja og moglegheiter for frivillig arbeid knytt til formidling av kyrkja i 2025  
Kl. 15:00 Omvisar Toril Hjartåker Hauge fortel om mindre kjente sider ved historia til kyrkja. Det blir kyrkjekaffi, te og noko å bite i.  
Velkommen!

# Vil du vere frivillig ved Holdhus kyrkje i sommar?

Fortidsminneforeininga Hordaland avdeling inviterer frivillige til å vere vertskap ved vakre Holdhus kyrkje i sommar.

## Vi ser etter frivillige som:

- Er over 18 år
- Er trygg på munnleg norsk og engelsk
- Har lyst til å bli kjend med eit spennande kulturminne
- Er interessert i historie, arkitektur og/eller kulturminne
- Har lyst til å møte folk med same interesse
- Ønskjer å ha noko spennande på CV-en
- Er glad i å snakke med folk

## Når:

Minimum 3–4 dagar i løpet av sommaren. Laurdagar og sundagar i juli klokka 12-16. Det vil si: 5, 6, 12, 13, 19, 20, 26 og 27. juli.

Som vert skal du ta imot besøkande, fortelje litt om historia til kulturminnet og selje billettar. Om det melder seg mange nok frivillige, blir det to vertar per dag. Du vel sjølv kva dagar du vil vere med.

## Lyst til å vite meir?

Vi inviterer til orientering på open dag ved kyrkja laurdag 5. april. Adressa er Hammarlandsvegen 31, 5640 Eikelandsosen. Alle frivillige får felles opplæring i mai/juni før sesongen startar.

Har du spørsmål? Kontakt Ida Pettersen, dagleg leiari ved Fortidsminneforeininga, Hordaland avdeling på e-post [hordaland@fortidsminneforeningen.no](mailto:hordaland@fortidsminneforeningen.no) eller ring oss på tlf. 94 45 36 96.

Vi håpar å sjå deg ved Holdhus kyrkje!





# Møt Lidetu og Gebre, teologistudentane som er støtta av Fusa sokn

Gebre Gobaro og Lidetu Abera

## Lidetu Abera

Namnet mitt er Lidetu Abera, og eg går tredje år på misjonsstudiet ved Tabor Evangelical College. Eg vaks opp i og gjør no teneste i den vesle landsbyen Wogida som ligg i den sørlege synoden i Gedeo-sonen. Før eg begynte i Tabor, jobba eg som evangelist i kyrkjelyden min og dreiv ei lita verksemd for å forsørga familien min.

Kyrkjelyden i området mitt er i rask vekst; talet på medlemmar aukar. Me står likevel overfor ei stor utfordring: Det er mangel på utdanna prestar som kan gje djupdykk i bibelsk undervisning. Det fører til at mange som trur, er sårbare for falsk lære og ubibelske tradisjonar. Mangelen på god pastoral vegleiing er ei stor bekymring for samfunnet vårt.

Sidan kyrkjelyden min hovudsakleg består av økonomisk vanskelegstilte individ, er det svært utfordrande for dei å betala skulepengane mine og forsørga familien min utan ekstern hjelp. Derfor er eg djupt takksam for dei sjenerøse gåvene som har forvandla livet mitt, slik at eg kan halda fram med studiane mine ved Tabor utan økonomisk stress. Denne hjelpa har gjort det mogleg

for meg å fokusera fullt og heilt på utdanninga og tenesta mi.

Eg er spesielt takknemleg overfor Fusa kyrkjelyd for den verdifulle støtte de gjev. Sjansen til å læra av erfarne lærarar og engasjera seg med medstudentar som deler lidenskapen min for tenesta, har vore avgjerande for meg. Studiane mine ved Tabor har auka forståinga mi av Guds Ord og utrusta meg til å tena samfunnet og kyrkja mi betre.

Etter fullført eg utdanning ser eg for meg å tena kyrkjelyden min på meir effektive måtar. I tillegg vil den misjonsfokuserte opplæringa eg får på Tabor, førebu meg på misjonsarbeid same kvar kyrkjelyden min kallar meg til å gå.

Takk til alle gjevarane for at de trur på forkynnara som meg. Di støtte har ein varig verknad på liva og lokalsamfunna våre.

## Gebre Gobaro

Namnet mitt er Gebre Gobaro. Eg går tredje år på misjonsstudiet ved Tabor Evangelical College. Eg vaks opp i ein landsby som heter Korate i distriktet Dara, Sidama. Før eg begynte i Tabor, hadde eg bibelskuleopplæring og vart ordinert til pastor. Jeg

hadde tent kyrkjelyden min Sakaro Mekane Yesus i Dara-synoden som evangelist og deretter som pastor i seks år.

Den tidlegare opplæringa mi var utilstrekkelig for å møta behova i kyrkja mi, spesielt sidan det mangla andre personar med tilsvarande utdanning i samfunnet vårt. Som den einaste medlemmen av kyrkjelyden min med formell bibelskuleopplæring, blei eg ordinert til å tena som pastor. Eg valde å gå på Tabor for å utdjupa forståinga mi av Guds Ord, og for å tena kyrkjelyden min meir effektivt.

Kyrkjelyden min har avgrensa økonomiske ressursar, noko som gjorde det vanskeleg for meg å studera ved Tabor. Stipendet eg mottok frå Fusa kyrkjelyd letta ikkje berre den økonomiske bora, men inspirerte meg også til å følga visjonen min med fornya sjølvtillit. Etter å ha fullført mine fireårige teologiske studiar ved Tabor, er eg forplikta til å tena kyrkja og samfunnet mitt så godt som eg er i stand til. Eg arbeider også for å nå dei som enno ikkje trur, og tena som misjonær unsett kvar kyrkjelyden sender meg. Tusen takk for dykkar støtte.

*Omsett frå engelsk av redaksjonen*

## Bibelsporet

Skulane i Fusa sokn har fått tilbod om deltaking i Bibelsporet. Bibelsporet (Tidlegare "Vandring gjennom bibelen) er eit undervisningsopplegg rundt Bibelen i skulen. Det er Bibelselskapet som har utarbeida opplegget.

Seks av sju skular har delteke i denne runden. fire skuletimar i KRLE faget. (4.-7. Klasse). Bibelsporet inneholder 74 bibelforteljingar. Kvar forteljing har ein bevegelse.

Stas med aktiv læring!

Hildegunn  
Myrlid Eide med  
oppgåveheftet



Babysong hausten 2024

## Babysong

Kvar haust og vår er det kurs i babysong. Her er det musikk, sosialt, leik og litt mat.

Babysong-kurset for våren er godt i gang, og det er berre å stikke innom! Samlingar på Eikelandsosen bedehus: 17. mars, 24. mars og 31.mars. Kl. 10-11.30. Det vert avslutning for babysong og foreldrefest 7. april Kl. 16.00. Kontaktperson: Hildegunn Myrlid Eide, tlf. 97650155.

## Minglemiddag

Dette er eit samarbeid mellom Fusa sokn og Eikelandsosen bedehus.

Enkel og billig middag. Målet er å treffa kvarandre midt i kvardagen. Prat og litt mat.  
Me var 56 på første samling 29. januar i år.

Neste middag er onsdag 26. mars.  
100 kroner per familie. Påmelding til:  
Hildegunn Myrlid Eide, tlf. 97650155



## Foreldrefest

Eikelandsosen bedehus mandag 7. april  
Kl. 16.00-17.00

Samlinga er for dei som har delteke på babysong i fjor haust og i vår, og for dei som har hatt dåp i 2023 og 2024. Familie og besteforeldre er også velkomne til å vera med.

Program: Middag: hot dog, song, musikk, andakt, billedkavalkade, musikkinnslag frå babysong, diplomutdeling (for dei som har delteke denne våren) og leikekrok.

Påmelding innan fredag 4. april til Hildegunn Myrlid Eide  
Tlf. 97650155

Velkommen  
til liten og stor!



# Samtalegruppe for etterlatte

Dei to siste åra har det vore samtalegruppe for etterlatte/sorggruppe i Fusa sokn. Tiltaket er sett i verk av diakonigruppa i Fusa sokn i samarbeid med Fusa frivilligsentral. Det er gode tilbakemeldingar frå dei som har delteke. Livet vert litt lettare når ein får dela tankar og erfaringar med menneske som er i same situasjon. Uhøgtidleg samling med kaffi og ein god prat.

## Program for hausten:

Ope møte/Temasamling vert måndag 29. september Kl. 19.00  
Samtalegruppe måndag 13. oktober, 10. november og 1. desember, kl. 19.00

Alle samlingane vert i fellesstova ved omsorgsbustadane i Eikelandosen (Same adresse som FBBS.)  
Påmelding til samtalegruppe:

**Bodil Samnøy Tlf: 916 93 226**



Hildegunn Myrlid Eide, Bodil Samnøy og Maren Hamre er med i arbeidsgruppa i høve "Samtalegruppe for etterlatte". Foto: Fusa sokn

*Når det vi frykter skje går det an å mestre sorg.  
Men vi trenger omsorg som et varmt teppe rundt  
skuldrene våre mens vi fryser*

Tove Houck

## Majken og to frå Magnolia - konsert i Hålandsdalen kyrkje 30.05. kl.19.00



Morten Gunnar Larsen, verdskjend Ragtime-pianist. Dette blir 4. gongen han kjem og spelar på det nye pianoet i Hålandsdalen Kyrkje.

Majken Christiansen, Danmarks mest populære swingjazz-songar. Ho var den «levande» artisten som var med på konsert i Hålandsdalen i fjar.

Georg Reiss, ein av Noregs leiande klarinettistar og saksofonistar, kjend for sin store fleksibilitet.

Desse tre held også konsert på Fusa VGS om morgonen same fredagen.

**Billettpriis: kr 350,-**

Kjøp billett ved døra eller gjennom førehandssal hos Olaug Bjørndal, tlf. 482 61 757.  
Ring eller send melding, og betal med Vipps.

Arr: Bygdelutvalet i Hålandsdalen og Fusa sokn

Alsaker Fjordbruk

DEN NORSKE KIRKJA  
Fusa sokn

EIDE  
FJORDBRUK

Os Gravferdsbyrå as

**Døgntelefon  
56 57 49 50**

Jorunn Moberg  
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørande som ønsker å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)

## Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne samt planting?

Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eiker naturstein)

Har lang erfaring og gjer førehandspris

Ring 406 11 817

Leivmagnar.fosse@gmail.com



L.M Fosse

Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

TA KONTAKT MED

**BYGGMASTER**  
**SVENN C. STORUM**  
951 56 327 storum@fusi.no

# Gudstenester i Fusa sokn

16. MARS – 22. JUNI 2025

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
16.03.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	2. søndag i fastetida
23.03.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Maria bodskapsdag
23.03.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Maria bodskapsdag
30.03.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	3. søndag i fastetida
06.04.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	4. søndag i fastetida
13.04.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Palmesøndag
17.04.	11:00	Fusa bu- og beh. senter	Gudsteneste	Skjærtorsdag
17.04.	19:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Skjærtorsdag
18.04.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Langfredag
19.04.	23:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Påskennatt
20.04.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Påskedag
21.04.	12:00	Hafskorvatnet	Friluftsgudsteneste	2. påskedag
27.04.	11:00	E.osen bedehus	Familiemix	2.søndag i påsketida
03.05.	11:00	Sundvor kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag etter 2. søndag i påsketida
04.05.	10:00	Hålandsdal kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	3. søndag i påsketida
04.05.	12:00	Hålandsdal kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	3. søndag i påsketida
10.05.	11:00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag etter 3. søndag i påsketida
10.05.	13:00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag etter 3. søndag i påsketida
11.05.	11:00	Strandvik kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	4. søndag i påsketida
17.05.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	17. mai
25.05.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	6. søndag i påsketida
29.05.	11:00	Vollen, Baldersheim	Friluftsgudsteneste	Kristi Himmelfartsdag
01.06.	11:00	E.osen bedehus	Familiemix	Søndag før pinse
08.06.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Pinsedag
09.06.	12:00	Vinnesholmen	Friluftsgudsteneste	2. pinsedag
15.06.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Treeiningssøndag
22.06.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	2. søndag i treeiningstida
22.06.	16:30	Sundvor kyrkje	Lekmannsgudsteneste	2. søndag i treeiningstida



Dåp

## HÅLANDSDAL KYRKJE

27.10.2024 Henny Skogseide  
09.03.2025 Eline Marie Bolstad

## FUSA KYRKJE

10.11.2024 Emma Hjartnes Samnøy  
25.12.2024 Thale Tveit Boge



Gravferd

## HÅLANDSDAL KYRKJE

12.11.2024 Laila Alice Tveitnes, f. 11.04.1936

## FUSA KYRKJE

14.11.2024 Per Wejset Larsen, f. 02.05.1941  
14.11.2024 Kjellaug Måge, f. 09.11.1948  
22.11.2024 Inger Gjelland Bakke, f. 23.03.1924  
28.11.2024 Ingrid Solveig Rosvold, f. 07.12.1929  
13.12.2024 Signe Gangstø, f. 14.07.1952  
20.02.2025 Helga Karen Lundervik, f. 29.06.1943

Frå Kyrkjebøkene

## STRANDVIK KYRKJE

29.11.2024 Ingolf Opheim, f. 10.01.1943

# Informasjon

Avsendar:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandsosen

S  
i  
d  
a  
n  
S  
i  
s  
t



Lysa vart tende av Liza Tymchuk og Gry Jeanette Mjelde



Soknet har denne jula hatt si eiga pepperkakekyrkje, spesialbygd av vår nye sokneprest Anette-Emilie Gangstø.

## Glimt frå Familiemix søndag 2. februar




Fusa Soul Children song. Musikarane i bandet er Karen Elise Hansen, Sindre Hansen, Thomas Halleland, Arne Bjarte Tveit og Malvin Gjørn



**Ynskjer alle ei velsigna påske, fylt med  
håp, fred og glede. Måtte påska sin  
bodskap om liv og oppstode gje styrke og  
lys til dykk alle. God påske!**





# FUSA KYRKJEBLAD

## Kontingent til kyrkjebladet



Kontingent 2025 .....	kr. 250,-
Kontingent 2025 for dei som bur utanfor kommunen .....	kr. 350,-
Gåve .....	kr. _____
Sum .....	kr. _____

*Takk for di støtte - di gavé er viktig!*

*Du kan også bruke vipps #90436  
- velg kategori Fusa kyrkjeblad.*

Kontingent      kr. 250,- / kr. 350,-

Gåve            kr. \_\_\_\_\_

FUSA KYRKJEBLAD  
Postboks 73  
5649 EIKELANDSOSEN

3530 25 86215